



Fiskeri- og Kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep  
0032 Oslo  
Email: [postmottak@fkf.dep.no](mailto:postmottak@fkf.dep.no)

Eikelandosen 22. mars 2013.

## Forskrifter og soner betyr slutten for dei små oppdrettsselskapa.

Innleiing.

Viser til Fiskeri- og kystdepartementets (FKD) høyringsbrev datert 8. februar 2013. Dette høyringsinnspellet frå Eide Fjordbruk AS er eit supplement til høyringsinnspela som kjem frå Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening (FHL) og Salmon Group.

Om Eide Fjordbruk AS.

Eide Fjordbruk AS er eit familieeigd selskap og har drive oppdrett av laks og regnbogaure heilt sidan 1970. I 2009 kjøpte EF alle aksjane i Fyllingsnes Fisk AS. Selskapa driv samdrift og matfiskproduksjonen av laks og aure føregår på 8 lokalitetar i hhv Kvinnherad og Lindås kommune. Årsproduksjonen er tilsaman ca 7500 tonn.

Kva har Eide Fjordbruk gjort sidan 1970:

Selskapet har alltid levert gode resultat. Dette skuldast ikkje «rovdrift», men fokus på fornuftig og miljøvenleg drift over tid. Dette kan dokumenterast.

- Selskapet har ikkje hatt rømming i Hardangerfjorden sidan 80-talet.
- Dødelegheit og svinn langt under snittet for området og landet totalt (**Figur 2 og Tabell 1**)
- Alle lokalitetar med gode resultat på miljøundersøkingar
- Har teke luseproblematikk særst alvorleg og har dei siste åra fått god kontroll på dette (**Figur 1**)

Kva opplever me.

- Forskrifter, soneinndelingar og pålegg som er «levelege» for dei større selskapa, men som gir heilt umogelege rammebetingelsar for mindre aktørar som oss.
- Stadige endringar og innskrenkingar i rammevilkåra, til dømes fjerning av «skjerminga» av små selskap med 3 eller færre konsesjonar i Hardanger.
- Ingen forutsigbarhet i forhold til investeringar og tilsetjingar. Er det i heile tatt ei framtid for små familieeigde selskap i Hardanger?
- Kva faglege vurderingar ligg til grunn for den fastsatte «bærekraftgrensa» på 50 000 tonn i Hardangerfjorden? Me stiller oss svært skeptiske til kva som dannar grunnlaget for dette «taket».

Konsekvensar av forskriftsutkastet.

- Omtrent umogeleg for små selskap å kunne utnytte den tapte MTB-en utanfor forskriftsområdet. Dei fleste større selskapa har drift på mange lokalitetar i ulike brakkleggingssoner i regionen som inngår i same konsernbiomasse, og kan dermed tilpasse seg nye forvaltningsregimer i større grad.
- I «bytehandlar» om lokalitetar opplever me at små selskap må byte gode lokalitetar mot dårlege. Det er absolutt ikkje nokon «vinn- vinn» situasjon for dei små.
- Vesentleg produksjonstap. Forskriftsutkastet er svært vanskeleg å tyde. Det er umogleg å berekne produksjonstapet som forskrifta vil medføre for EF. Dersom det er meint at det vil bli eit eige «konsern» biomassetak i Hardanger og eit anna separat «konsern» biomassetak i resten av region vest, så vil produksjonen i konsernet bli redusert med ca 1500 tonn (over 20 %) i året. Dette betyr vesentleg auka produksjonskostnad for EF og dramatisk tap av konkurransekraft.


Kva må på plass:

Dersom EF skal kunne ha fleksibilitet til å kompensere med auka produksjon utanfor forskriftsområdet, så er ein avhengig av at myndighetene legg til rette for dette. For vårt konsern er det viktig at dei ulike løyva i Hardanger kan registrerast på alle lokalitetane utanfor forskriftsområdet. I 2012 sendte EF inn søknad om fritak for §34 i Laksetildelingsforskrifta. Denne søknaden vart ikkje godkjent. Men FKD meinte at det likevel burde vera opning for dette i den eventuelle nye Hardangerfjordforskrifta. I forskriftsutkastet som no er ute til høyring er dette derimot ikkje teke med.

FoU – og grønne konsesjonar.

I forskriftsutkastet som no er ute til høyring er det opning for at biomassetaket på 50.000 tonn kan overstigast dersom det er snakk om «grøn produksjon». EF fekk nyleg innvilga FoU-konsesjon for produksjon av steril fisk (triploid fisk). Sjølv om steril fisk kjem inn under retningslinjene for grønne konsesjonar i konsesjonstildelinga for 2013, så fekk ikkje EF registrert denne FoU-konsesjonen på lokalitetane i Hardanger. Med bakgrunn i dette vedtaket så stiller EF spørsmål om det i realiteten vil bli aktuelt å få godkjent «grøn-produksjon» i Hardangerfjorden utover 50.000 tonn. Eller vert aktørane i området tilsidesett på dette feltet også?

I Hardangerfjorden har luseutviklinga vore god dei siste åra. **Figur 1** syner luseutviklinga i HFN (Hardanger Fiskehelsenettverk) i 2010, 2011, og 2012 (**vedleggsfigur 1**). Hovudårsak til den gode luseutviklinga i Hardanger i denne perioden er samarbeid/koordinering av lusebehandlingar mellom dei ulike oppdrettsaktørane i Hardanger. God koordinering av våravlusinga er nøkkelfaktoren for å få til ei vellykka våravlusing i området. Erfaringane frå dei siste åra viser elles at det er viktig å hindra enkeltanlegg å sleppe luseantalet for høgt før ein avluser. Dette har til dømes vore svært effektivt i HFN i 2012, og medført at leppefisker har fungert vesentleg betre gjennom sommaren, og ikkje minst medført mindre lusesmitte overfor villaure i fjordbassenget på same tid. Den nye absolute lusegrensa på 0,5 kjønnsmodne holus vil også bidra til vesentleg redusert lusesmitte i Hardangerfjorden og i resten i landet. I høyringsinnspelet til FHL viser ein at ein kan forventast opp mot ca 50 % reduksjon i lusesmitte med bakgrunn i den nye luseforskrifta. Ein slik generell kraftig reduksjon i lusesmitte vil ha svært positiv effekt på sjøaure som befinn seg rundt i Hardangerfjordbassenget på sommaren og hausten. EF meiner at det i dag er satt i verk så mange tiltak for å redusere lusesmitte overfor villfisk, at lusesituasjonen vil betra seg merkbart dei neste åra.




**Figur 1.** Oversikt over utviklinga av gjennomsnittleg antal kjønnsmodne holus i Hardanger i perioden 2010 – 2012. Kjeldedata: tilsendte luserapportar frå HFN i 2010, 2011 og 2012.

#### Brakkleggingssoner:

Til hausten skal soneforskrifta i regionen evaluerast, noko som vil ha svært stor betydning for EF. Ein veit i dag at store aktørar, samt delar av forvaltninga, ynskjer færre- og større soner i Hardangerfjorden. Dersom dette skulle bli tilfelle så vil konsekvensane for EF bli svært store. Me kjem då i ei brakkleggingssone, noko som betyr halvert produksjon i Hardanger. Produksjonstapet for selskapet blir dermed minst 3000 tonn. Innhaldet i utkastet til Hardangerfjordforskrift tyder på at FKD ikkje har heile oversikten over kor øydeleggjande soneforskrifta og den nye Hardangerforskrifta vil vera for mindre oppdrettarar i Hardanger.

#### Benchmarking av produksjonen i Hardanger:

EF har hatt ein generell svært god utvikling når det gjeld fiskehelse og dødelegheit i Hardangerfjorden. I fylje «Gullestad-utvalget» er gjennomsnittleg dødelegheit/uregistrert svinn i Hardanger 21,9 %, 21,3 % i Hordaland og 19,7 % for landet sett under eitt. Dette er tal som me stiller oss undrande til. I fylje benchmarking av eigne fiskegrupper har EF ein gjennomsnittleg dødelegheit inkl. uregistrert svinn frå utsett og fram til slakt på 8,11 % (vekta) (**figur 2** og **Tabell 1**). Benchmarkinga gjeld alle utsett i perioden hausten 2005 – hausten 2011, total 5,96 mill utsatt smolt.



**Figur 2.** Oversikt over dødelegheit for alle utsett i Hardanger dei siste 7 åra, samt trendlinje som viser utviklinga i same tidspunkt. Den røde linja syner til samanlikning snittdødeligheiten i Hardanger ihht Gulestad.

**Tabell 1**


Eide Fjordbruk AS, H05 - H11*	
Snitt dødelegheit	8,93 %
Snitt dødelegheit, vekta	8,11 %
Gulestad, Norge	19,70 %
*Ein merd er ikkje ferdig utslakta.	
Grunnlag: Totalt 5,96 mill smolt, 18 ulike fiskegrupper.	

**Oppsummering:**

Soneforskrifta, ny Hardangerfjordforskrift, samt fjerning av skjerminga på tre konsesjonar, gjer at dei små lokale bedriftene står i stor fare for å bli pressa ut av Hardangerfjorden ved innføring av forskrifta. Med bakgrunn i dette ber me om at FKD skrinleggjer denne forskrifta.

Venleg helsing

Eide Fjordbruk AS v/dagleg leiar



Knut Frode Eide

**Vedleggsfigur 1:** Lusekoordineringsområder i Sunnhordland, Bjørnefjorden og Hardangerfjorden. Hardanger Fiskehelsenettverk (HFN) dekker lusekoordineringsområde 6 og 7.

